

Nyheitsbrev til lag og organisasjonar i Bømlo

Mars 2024

Sjølv om det framleis er ganske kaldt i veret, så luktar me våren og lysare tider. Det lovar godt for humøret, energien og lysten til å komme i gong med litt meir uteaktivitetar.

Men, før lag og organisasjonar går i skikkeleg i gong med våren, så står påskehelga for døra med god tid til ein pust i bakken for dei fleste av oss. Men, også desse dagane er det lag som byr på kjekke aktivitetar som eg oppfordrar til å støtte opp om

Fritidskortet/www.aktivitetforalle.no

På www.aktivitetforalle.no kan aktivitetar og arrangement for menneske i alle aldrar registrerast.

Sjekk om ditt lag allereie er lagt inn på aktivitets/arrangøroversikten. Dersom de er det: opprett ein brukar konto på <https://admin.aktiv-fritid.no/> Send meg ei melding om brukarnamnet og eg legg dykk til som admin for aktivitetane/arrangementa dykkar.

Eg hjelper gjerne vidare med registreringa.

Planarbeid og høyringar

[Offentleg ettersyn detaljreguleringplan for Bustadområde Vestsio 101/1 m.fl. Meling Planid 202010 - Bømlo kommune \(bomlo.kommune.no\)](#) Høyringsfrist: 05.april

[Høyring av kommuneplanen sin arealdel - Bømlo kommune \(bomlo.kommune.no\)](#)

Høyringsfrist: 1.mai

Arrangement og viktige datoar

Dialogmøte lag og organisasjonar

Det var planlagt å ha dialogmøtet med lag og organisasjonar denne veka, men pga ei noko «humpete» førebuingstid, flyttar me dette møtet til eit seinare tidspunkt. Det blir sendt ut invitasjon til alle lag og organisasjonar når dato og innhald er klart.

Folk på Bømlo laurdag 25.mai kl. 11-15

PÅMELDING → <https://forms.gle/fjH38bpX9nbj3c6r5>

Det er framleis plass til fleire lag og organisasjonar som har lyst til å vera med på å visa kva dei driv med og gje eit samla bilde av kva Folk på Bømlo driv på med og kva ein kan vera med på. Har du spørsmål eller innspel kan de ta kontakt med:

Lene Borgen Waage (95934462) eller Anita Morlandstø (95229063)

Moster 2024 – frivillige før – under og etter jubileumsfesten

Moster 2024 søker frivillige til mange ulike oppgaver og postar i Jubileumsveka. Dette vert ei stor og spanande feiring med arrangement, utstillingar, matopplevingar og mykje anna og det er stort behov for frivillige til alle slags oppgaver.

Det skal feirast ei heil veke til endes og det er trengs hjelp både før, under og etter jubileumsfeiringa.

Det er behov for folk til parkering, matsservering, runner, teknisk og rigg, transport, vakthald, «klar for alt» og miljøpatrulje på arrangement. Innsatsen finn stad i tida 22.05- 06.juni og påmelding skjer på nettsida til jubileet.

[Bli frivillig \(moster2024.no\)](https://moster2024.no) ← link til påmelding

Grenda- innspelmøte i samband med planarbeid

Me held på å arbeida med fleire planar som er viktige for den vidare utviklinga i Bømlo. Kommuneplanen sin arealplan er ute på høyring og me har starta arbeidet med samfunnsdelen. I tillegg er arbeidet med kommunedelplan for kultur, idrett og frivilligheit på gong. For å gje høve til innspel og medverknad frå innbyggjarane kjem me i samarbeid med ein del av grendautvala arrangere grenda-/innspelmøte i grendene. Til no har me fastsett datoar for følgjande møter:

Meling: måndag 18.mars kl. 18:00-20:00 på Meling skule

Langevåg: 4. april kl. 18:00-20:00 i Langevåg bygdatun

Moster: 09.april kl. 18:00-20:00 på Moster skule



I år blir Bømlo med på Sykle på jobben kampanjen frå 03.mai – 16.juni.

Dette er ein lågterskel, felles aktivitet som alle kan delta på, uansett form og utgangspunkt. Det er den største aktivitetsskampanjen i Noreg og har fått over 1 million til å velje ein meir miljøvennleg og aktiv reiseveg og kvardag.

All aktivitet til og frå jobben, i arbeidstida og på fritida tel og du/de kan delta med dei aktivitetane de ønskjer (alså ikkje berre sykling). Det er jo allereie mange på Bømlo som er aktive og me håpar at gjennom denne kampanjen kan me motivera enda fleire til å komme i gong med fysisk aktivitet. Å delta med kollegaer, venner og folk i same organisasjon/ lag gjev ei kjensle av å vera ein del av noko meningsfylt og større og me me håpar dette kan vera med på å styrka både den fysiske og psykiske helsa vår.

Nyheitsbrev til lag og organisasjonar i Bømlo

Alle innbyggjarar i Bømlo får gratis tilgang til kampanjen og kan vera med i trekninga av fine premiar. Meir informasjon og utfordringar følgjer.

Tilskuddsportalen.no

Bømlo abonnerer på www.tilskuddsportalen.no slik at alle lag og organisasjonar som ønskjer det kan bruka portalen til å søkja etter tilskotsordningar som kan vera aktuelle for laget. I nyheitsbrevet prøver eg også å ta med viktige ordningar, men dersom de registrerer dykk som brukar (heilt gratis for laget) kan de abonnere på tilskuddsordningar og få påminning om søknadsfristane når desse nærmar seg.

I sist nyheitsbrev blei det spurt om behov for kurs og eit par lag har meldt interesse for eit kurs. Dersom det er fleire som er interesserte, tek me gjerne imot tilbakemelding på dette.

søknadsfristar frå tilskuddsportalen:

Aktivitetstilskudd frå Bømlo kommune

[Aktivitetstilskudd - Bømlo kommune \(bomlo.kommune.no\)](http://bomlo.kommune.no) Frist 1. april

[Ildsjelfondet](#) frå Sparebanken Vest kan ein søkja på heile året (6 veker handsaming)

[Konsertstøtte - Aktivitetstilskudd for kor](#) Frist: 15 mars

[Sparebankstiftelsen SR-Bank \(srstiftelsen.no\)](http://srstiftelsen.no) Frist: 19.mars

[FrifondNorges Musikkorps Forbund | Norges Musikkorps Forbund](#)vv- Frist: 1. april

[InstrumentfondNorges Musikkorps Forbund | Norges Musikkorps Forbund](#) Frist: 1. april

[«Vi heier på»-konkurransen - Storebrand](#) Frist: 1.april

[Søk om hjertestarter – Ida Eide Minnefond \(idaeidesminnefond.no\)](http://idaeidesminnefond.no) For idrettslag Frist: 10. april

[prosjekter med diakonal karakter rettet mot unge og unge voksne - Den norske kirke \(kirken.no\)](http://kirken.no) -

Frist 14.april

[Sunnhordland kraftlag - sponsorstøtte](#) Frist 15.april

[Olav Thon Stiftelsen | Søk støtte til veldedige prosjekter og formål](#) Frist: 31.mars

[Sponsing og støtte - Equinor](#) Frist 1.-30 april

[Sparebanken Vest \(spv.no\)](http://spv.no) Frist: 1.april

[Ungdomsstipend - Finnås Kraftlag \(finnas-kraftlag.no\)](http://finnas-kraftlag.no) - Frist: 15.april

[Bremnes seashore](#) (1. mai)

Då gjenstår det berre å ønskje gode mars-dagar og ei god påskehelg til alle.

Johanne